



Jens Mathias Madsen
Øvrebøen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1089 - 17/9109

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Angående tomtegrenser GBNR 25/100

Viser til brev frå dykk datert 04. mai og telefonsamtale med Jens Madsen same dato.

Det er ikkje lett å svare på om dykkar tomteutnytting er i samsvar med skyldskifte berre ut frå kart og måla frå skyldskifte.

I tidlegare e-post til Konrad lo skreiv eg etter forespørsel frå han at: «Eg har prøvd å gjera eit innpass av kartet som var med i byggesaka og dagens situasjon. Dette viser at utnyttinga av tomtearealet mot vegen her er mykje større enn det som var planlagt og som viser i vedlagte kart.» Med dette meinte eg å seie at dagens tomteutnytting ikkje var i samsvar med kartet som låg til grunn for byggesøknadane/godkjenningane. Så lenge det ikkje er målebrev/nøyaktig målte tomtar her, men berre skylddelte tomtar er det ikkje råd å seie noko sikkert om tomteutnyttinga.

Eg har på nytt sett på dette, og kjem nok fram til same syn i dag. Utnyttinga av dykkar eigedom ser ut til å stemma godt mot syd og vest, men når det kjem til avgrensinga mot vegkrysset og buen i vegkrysset får eg ikkje dette heilt til å stemma med dagens tomteutnytting.

Kartet som vart brukt ved byggesøknadane viser ei vegbreidde på 6 meter på vegen som går nord/syd og 4 meter på stikkvegen mot vest- mellom 25/100 og 25/99. Kartet viser også ein svingradius på 8 meter i krysset mellom desse vegane. I skyldskifte står det vist til planlagt reguleringsveg og at dykkar eigedomsgrense i svingen skal gå i bue langs vegen 11 m (målt i rett line). Det er sannsynleg at vegen ikkje har vorte opparbeida med den breidda og svingradien som vart forutsatt i planen. I dagens kart er hovudvegen inn i feltet omlag 4 m brei og stikkvegen mindre enn 3 m brei. Vegane i dette feltet er private vegar som kommunen ikkje har noko ansvar for.

Vedlagt er ein ny samkopi av gamalt og nytt kart der eg har påført skylddelingsmåla for desse tomtane. Som de kan sjå av den blå streken, som viser skylddelingsmåla, rekk truleg ikkje dykkar eigedom så langt fram mot vegen som den i dag er etablert. Dersom denne skal nå heilt fram i vegkrysset må truleg grensa mot syd og vest vera feil. Grensene mot syd og vest stemmer elles godt med oppsette hekkar som viser i kart og flyfoto.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ein kan ikkje sjå at det er mulig å koma noko nærare ei klarlegging av situasjonen rundt dykkar grense utan at det vert halde oppmålingsforretning.

For å få klarheit i dette vert de difor sterkt rådd til å rekvirerer oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser. Då vert aktuelle partar kalla inn og grensa merka og målt etter dokumentasjon frå skyldskifte og semje mellom partane. Pris for klarlegging av eksisterande grense er kr 6100 for inntil 4 grensepunkt.

Vedlagt ligg kart og skjema for rekvisisjon av oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser. På kartet kan de markera dei grensepunkta / linjene som er uklare og som de ynskjer påvist.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg

25_100_99grenser

25_100_sitkart

Skjema søknad_rekvisisjon _Meland 080416_2

RETTLEIING TIL SØKNAD OM OPPRETNING